

## **Høyringsuttale frå Undheim sokneråd**

### **«Høring om kirkevalg – overordnede problemstillinger»**

#### **Kommentar til 2.5.**

Vi ønskjer modell [A].

Vi ønskjer å gå tilbake til 1 liste som verkar samlande og ivaretar mangfaldet i kyrkja. Dei sjølvstendige listene slik dei framstår i dag er ikkje aktuelle for ein stor del av veljarane og er med på å skape polarisering i kyrkja. Dei er prega av særinteresser og manglar blikket for det mangfaldet som kyrkja består i. Ved val av modell B er det fare for at mange av dei jamne kyrkjegjengarane vil føle seg framandgjort, og dermed unngå å delta i valet. Dette vil vera svært uheldig! Det er viktig at nominasjonskomitéens liste fortsett ivaretar eit mangfald av synspunkt, sikrar ungdomskandidatar, geografisk spreidning og kjønnssbalanse.

Vi forstår samstundes at det fins grupperingar innan kyrkja som ønskjer å fremme enkeltsaker, og føreslår difor at nominasjonskomitéen vert sett saman av representantar frå desse grupperingane, i tillegg til representantar vald av dei kyrklege instansane slik det er i dag (bispedømmeråd, presteforening, etc). Dermed vil ein i kunne sikre breide i kandidatane på ei samla liste, og i større grad unngå polariseringa ein ser i dag.

Eit alternativ til at nominasjonskomitéen skal bestå av representantar frå forskjellige grupper er at det vert opna for å supplere kandidatar uansett antal. Då kan alle grupperingar sende inn sine kandidatar på lik linje med nominasjonskomitéen sine.

«Har du/dere merknader til forslaget om forenklet ordning for valg av nominasjonskomité?»  
Dette forslaget viser svakheita ved val av modell B. Denne måten å gjere det på vil svekke demokratiet og moglegheita for kvalitetssikring av lista med tanke på kjønn, alder, geografi, m.m. Vi ønskjer ikkje å opne for forenkla ordning for val av nominasjonskomité. Sjå elles svar i punktet over om samansetnad av nominasjonskomité og suppling av kandidatar.

#### **Kommentar til 3.4.**

Alternativ 2.

#### **Kommentar til 4.4.**

Vi ønskjer alternativ 1.

Våre merknader til spørsmålet:

Med utgangspunkt i vårt svar på pkt 2.5 vil ikkje dette vere same utfordring som ved fleire lister. Gitt at det likevel vert oppretthalde fleire lister vil me anbefale alternativ 1 i ein noko utvida form. Her vil den enkelte liste, òg nominasjonskomitéens liste, sjølv ha ansvar for kandidatpresentasjon. Valrådet skal sikre listeinformasjon til vallokala. Det er fritt for den enkelte liste å legge ved kanidatpresentasjon utover CV. 13

Listene bør uansett innehalde ei innleiing som kort presenterer kven som står bak og kva hovudretninga er. Denne informasjonen skal endeleg godkjennast av valrådet som skal sjå til at listene vert presentert tilstrekkeleg opplysande for veljarane og tilnærma likt.

#### **Kommentar til 5.2.**

«Kirkeloven § 4 fastsatte at «[k]irkelige valg holdes samtidig med, og i lokaler i umiddelbar nærhet av, valg til Stortinget eller fylkesting og kommunestyre». Bør denne bestemmelsen videreføres? «

Ja, under føresetnad om at det vert lagt til stortingsval.

Våre merknader:

Vi ønskjer at kyrkjevalet vert lagt til år der det er stortingsval. Merksemda rundt kyrkjevalet har lett for å drukne i år med kommuneval, då lokalpolitiske sakar får mykje fokus i media. I tillegg ser vi utfordringar med å rekruttere kandidatar i år med kommuneval. Det er ofte same personar som er partipolitisk aktive og kyrkjepolitisk aktive. Det vil kunne lette arbeidet med å skaffe kandidatar dersom vi ikkje har konkurranse med andre lokalval.

#### **Kommentarar til 6.4.**

Vi er ikkje einige i at det skal fortsatt vera sperregrense og stemmetillegg ved val av soknerådet. Demokratiet blir like godt teke vare på utan sperregrense og stemmetillegg.

Vi ønskjer heller ikkje sperregrense for Nominasjonskomiteen si liste ved val av leke til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

#### **Kommentar til 7.4.**

Vi ønskjer alternativ 1.